

SAK 3/24: Nettverk for samfunnsfaga i lærarutdanningane: Forslag til alternative organisasjonsformer og konferansemodellar-konsekvensutgreiing

Nettverket vart oppretta i 2016 og har som formål å fremja god forskning på og undervisning i samfunnsfaga og samfunnsfagdidaktikk i ulike delar av lærarutdanning, skule og barnehage.

Nettverket skal vere ein arena for informasjon og informasjonsutveksling som fremjer formålet, med nettside, årskonferanse og nyhendebrev. Dei jamnlege årskonferansane samlar utøvarar i feltet til fagleg utveksling og sosialt samvær. Desse konferansane er populære møtestader og alle vertsinstitusjonar har gjort ein stor innsats for å leggja til rette for dei faglege møta. På årskonferansen blir det haldeårsmøtet og det sistnemde er nettverket sitt høgaste organ. Det har i det siste vist seg vanskeleg å halda konferanseavgifta på same nivå som tidlegare og me opplever at ei tredobling av avgifta er vanskeleg å forsvare.

Dette dokumentet tek for seg ulike alternative forslag til korleis Nettverk for samfunnsfaga i lærarutdanningane kan driftast framover. Forslaga er særleg skildra med tanke på korleis dei kan sikra at den årlege nettverkskonferansen blir oppretthalden. Dei ulike alternativa medfører også ulike tilknytingsformer mellom nettverket og UH-sektoren. Der blir det peika på fordelar og ulemper knytt til kvar modell, både når det gjeld faglege og økonomiske konsekvensar og omsynet til styret sitt arbeid/oppgåver.

Alternativ A: Noverande nettverksform: Institusjonelt, profesjonsfagleg nettverk

Kjenneteikn: Nasjonalt nettverk, med eit styre. Nettverket består hovudsakleg av tilsette innanfor UH-sektoren. Ingen medlemsavgift. Årleg konferanse blir gjennomført av ulike UH-institusjonar frå år til år. Konferansane blir finansiert av den gjeldande UH-institusjonen, deriblant irekna tilsette sine fou-midlar.

Fordelar: Ein klar fordel med denne modellen er at konferansen er fullfinansiert av UH-sektoren og ikkje krev ekstra søk etter midlar. Det ligg fridom i å kunna vera organisert som eit nettverk framfor ein organisasjon. Det er lav terskel for medlemskap og deltaking

Ulemper: Me ser ein aukande tendens til at institusjonene ikkje er villige til å finansiera konferansane, ei heller gjennom tilsette sine FoU-midlar. Ein risiko er dermed at det ikke blir mogleg å gjennomføra den årlege konferansen ved ein av institusjonane.

Om me går for denne løysinga kan det bli aktuelt å diskutera om nettverkskonferansen skal arrangerast kvart eller annakvart år.

Alternativ B: Uavhengig profesjonsfagleg nettverk/organisasjon

Kjenneteikn: Profesjonelt nettverk, evt. formell organisasjon, med eit styre og med medlemsavgift. Årleg konferanse gjennomført og finansiert uavhengig av UH-sektoren og/eller medlemmene si tilsetjing i UH-sektoren. Finansiering av konferansen via medlemsavgift og diverse søknader om eksterne midlar.

Fordelar: Med denne løysinga kan konferansen organiserast utan støtte frå institusjonane. Det å organisera konferansen til dømes på eit konferansehotell framfor på ein UH-institusjon kan spara dei som organiserer for ein god del praktisk førebuing og arbeid ettersom hotellet tilbyr ei pakkeløysing med romprisar, servering, mm.

Ulemper: Nettverket blir avhengige av at medlemmer tek på seg å organisera konferansen utanfor arbeidstida, eventuelt med meir støtte frå styret enn alternativ A. Dette vil potensielt krevja mykje meir tid og innsats av medlemmene enn dagens form, særleg når det gjeld å søkja om eksterne midlar frå stiftelsar og liknande. Det er ein ulempe at modellen krev medlemsavgift som kanskje ikkje alle medlemmer får dekkja av sin institusjon. Då kan det også vera at medlemmene vil forventast meir av organisasjonen. Modellen kan også ha juridiske konsekvensar.

Alternativ C: Semi-institusjonelt, profesjonsfagleg nettverk

Kjenneteikn: Nasjonalt nettverk (utan styre?), hovudsakleg beståande av tilsette innanfor UH-sektoren. Ingen medlemsavgift (?). Årleg konferanse blir gjennomført som interne seminar ved ulike UH-institusjonar frå år til år. Konferansane blir i hovudsak finansiert av den enkelte institusjonen og gjennom dei tilsette si FoU-tid

Fordelar: Denne modellen har økonomiske fordelar fordi ein den kan halda prisen nede.

Ulemper: Med denne modellen mister nettverket sin struktur.

Alternativ D: Leggja ned nettverket.

